



Lindås kommune ved rådmann  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

## **Oversending av rapport frå tilsyn med Lindås kommune, Nordhordland legevakt 29. november og 1. desember 2017**

Vi viser til brev av 14. desember 2017 vedlagt utkast til rapport og tilbakemeldingar frå Lindås kommune i e-postar av 4. og 5. januar 2018. Vi takkar for samarbeid og tilrettelegging ved tilsynet.

Rapporten er vedlagt. På bakgrunn av tilbakemeldingar frå kommunen har vi presisert regelverk og formuleringa av avvik nummer 2.

Ved tilsynet blei det påpeika tre avvik:

1. Lindås kommune sikrar ikkje at alt personalet i legevaktordninga har nødvendig kompetanse. Det er ikkje lagt til rette for regelmessig samtrening og øvingar.
2. Lindås kommune sikrar ikkje at turnuslege alltid har lege i bakvakt som kan rykkje ut umiddelbart når det er nødvendig.
3. Rutinane for dokumentasjon av pasientopplysningar ved Nordhordland legevakt er mangelfulle og inneber for høg risiko for svikt i pasientbehandlinga.

Lindås kommune får frist til 15. februar 2018 med å gjere greie for tiltak som innan kort tid blir sett i verk for å rette avvik nummer 2.

Fristen for innsending av plan for retting av avvik nummer 1 og 3 er 1. mars 2018. Det skal gå fram av planen kva tiltak som blir sett i verk, tidspunkt for iverksetting og opplysningar om kva tid og korleis leiinga vil evaluere om tiltak fungerer som føresett.

Tidsfristane er av praktiske grunnar endra i høve til fristane som var oppgitt i utkastet til rapport.

Med helsing

Helga Arianson  
fylkeslege

Kristin Cotta Schønberg  
assisterande fylkeslege

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Rapport frå tilsyn 29. november og 1. desember 2017

Kopi med vedlegg til:

Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	Austrheim
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	Fedje
Gulen kommune	Kommunehuset i Eivindvik	5966	Eivindvik
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	Masfjordnes
Meland kommune	Postboks 79	5906	Frekhaug
Modalen kommune	Postboks 44	5729	Modalen
Osterøy kommune	Rådhuset	5282	Lonevåg
Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	Manger
Statens helsetilsyn	Postboks 8128 Dep	0032	Oslo